ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2011

# Coop Vest SA




Coop Vest sin Prix-butikk på Kaupanger vart årets Coop-butikk i Coop Prix for 2011. Butikksjef Astrid Brusegard tok i mot prisen på vegne av alle tilsette ved Coop Prix Kaupanger.

*Den suverent største handelsverksemda i området*

# coop Vest SA

• Kronborgveien 34 • Hovudkontor 57 83 44 00

*Viste du at Coop Vest dei siste 3 åra har investert kr 142 mill. i butikkmassen*

## VÅRE BUTIKKAR:




### coop extra

| | |
|---|---|
| Florø | 57 74 86 20 |
| Førde | 48 01 95 25 |
| Volda | 97 99 47 80 |

### coop extra bygg

| | |
|---|---|
| Førde | 48 01 95 40 |
| Ulsteinvik | 97 99 14 00 |

### coop marked

| | |
|---|---|
| Askvoll | 57 73 00 74 |
| Balestrand | 57 69 12 06 |
| Barstadvik | 70 06 00 64 |
| Brekke | 57 78 54 07 |
| Byrkjelo | 57 86 88 90 |
| Fiskå | 70 02 10 33 |
| Florø | 57 74 14 88 |
| Folkestad | 70 07 30 32 |
| Fyrde | 70 05 00 16 |
| Gjerdsvika | 70 02 75 03 |
| Hornindal | 57 87 84 10 |
| Kvamsøy | 70 02 95 03 |
| Larsnes | 97 99 12 60 |
| Lauvstad | 70 05 50 03 |
| Leikong | 70 08 30 32 |
| Moltu | 70 08 50 16 |
| Naustdal | 57 81 93 72 |
| Olden | 57 87 34 70 |
| Raudeberg | 57 85 25 70 |
| Reed | 97 99 12 80 |
| Rovde | 70 02 26 12 |
| Sandsøy | 70 02 90 80 |
| Svelgen | 57 79 60 60 |
| Syvde | 97 99 12 55 |
| Tjørvåg | 70 08 41 12 |
| Vadheim | 57 71 48 01 |
| Vassenden | 57 72 72 00 |
| Åheim | 70 02 09 10 |

### coop prix

| | |
|---|---|
| Gaupne | 57 68 23 70 |
| Hareid | 97 99 12 50 |
| Hermansverk | 57 65 31 21 |
| Kaupanger | 97 99 12 70 |
| Lærdal | 57 66 62 30 |
| Sandane | 57 86 53 55 |
| Selje | 57 85 92 70 |
| Stryn | 57 87 27 90 |
| Ørsta | 70 06 69 13 |
| Årdalstangen | 97 99 12 30 |

### coop mega

| | |
|---|---|
| Eid | 57 86 07 33 |
| Fosnavåg | 97 99 12 40 |
| Førde | 97 99 13 70 |
| Sandane | 57 86 70 20 |
| Sogndal | 57 62 88 04 |
| Ulstein | 70 01 82 90 |
| Volda | 70 05 96 00 |
| Ørsta | 97 99 12 20 |
| Øvre Årdal | 57 64 88 59 |

### coop byggmix

| | |
|---|---|
| Byrkjelo | 57 86 88 90 |
| Gaupne | 57 68 23 60 |
| Hermansverk | 57 65 36 90 |
| Hornindal | 57 87 84 15 |
| Ulsteinvik | 70 01 82 00 |
| Volda | 70 07 49 40 |
| Åheim | 70 02 09 20 |

### Andre:

| | |
|---|---|
| COOP NÆRKJØP | |
| Fortun | 57 68 61 28 |
| Fresvik | 57 69 74 00 |
| Skjolden | 97 99 12 75 |
| GULLSMED | |
| Førde | 48019575 |
| MANUFAKTUR | |
| Førde | 97 99 13 76 |
| Sogndal | 57 62 88 26 |
| Øvre Årdal | 57 64 88 61 |
| POST/TIPPING | |
| Øvre Årdal | 57 64 88 54 |
| SERVICESENTER | |
| Breim | 57 86 73 46 |
| KAFE | |
| Extra Førde | 48 01 95 22 |
| Mega Førde | 97 99 13 78 |
| Mega Sandane | 57 86 70 19 |
| Extra Volda | 97 99 47 86 |

*Sjølv om det no er 43 Extra-butikkar rundt om i landet, er Coop Extra Førde den største*

# *Kjære eigarar og tilsette i Coop Vest SA*

Coop Vest SA har framleis stor fokus på laget sin strategi om at  Coop Vest SA skal vere den føretrekte staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester kjeda tilbyr i sitt handelsområde.

Aukande medlemsmasse, fleire nye butikkar på dei større plassane i Coop Vest sin primære marknad i Sogn og Fjordane og søre delen av Møre og Romsdal.
Laget har eit basis folketall på om lag 165 000 i som bur i og omkring Coop Vest sine om lag 80 butikkar.  Utfordringa ligg i å makte å ha store marknadsdelar i dei mest folketette områda. Dette er ikkje berre ei krevjande reise for Coop Vest SA, men for heile kooperasjonen.  Det er difor gledeleg å registrere at det framleis er ein markert auke av eigarar som no nærmar seg 45 000 i Coop Vest. Å lukkast på dette området er også den beste garanti for at Coop Vest framover maktar å vere ein god og solid aktør i distriktet.

2011 har vore eit år der laget og Coop sentralt totalt ser nye måtar å samarbeide på.  Coop Vest SA har etablert Coop Vest Eigedom AS.  Dette er eit selskap vi lokalt eig i lag med Coop Norge Eigedom AS. Lokalt ser vi det som viktig å nytte den kompetanse og kjennskap til marknaden som Coop Eigedom sentralt har. Coop Vest SA si målsetning er å etablere seg i dei mest attraktive i salsområda. Første teikn på dette er at resultatet for Coop Vest SA for 2011 vil vise større vekst av ekstraordinære inntekter nettopp grunna av dette.  Dette er midlar som laget treng for å makte å finansiere dei store prosjekt som alt er sett i gang, og der fleire er under planlegging.

Dette bringar meg vidare inn mot PROSJEKT LØNNSEMD der planlegginga er tilbakelagt og ein framover skal levere resultatforbetringar, ikkje berre lokalt, men for heil Coop.  Coop Vest meiner at gjennom lønnsemdprosjektet og eigedomsselskapet vil laget over tid makte å realisere målsetninga om å auke både marknadsdelen resultatskapinga i heile Coop i Norge. Det er gjennom dei grunnleggande verdiar i den kooperative organi-seringa vi i fellesskap kan nå våre mål.  Coop Vest SA har forankra dette i dei styrande organ i heile laget. Som styreleiar i Coop Vest SA og styremedlem i Coop Norge SA er eg veldig oppteken av at om Coop i Norge skal lukkast framover, må det enkelt sagt bety at kvart enkelt lag må forplikte seg til å gjennomføre dette.

Å sjå på nye måtar å jobbe på for å nå Coop i Norge sine mål, kjem kooprasjonen ikkje unna at vi også må sjå på lagsstruktur i Norge.  Dette er ei historie som har vore oppe før og som gjentek seg. I Coop Vest SA sit primærområde er mykje gjort. Likevel er det mogeleg å sjå auke i verdikjeda ved å samarbeide, og i fellesskap sjå marknaden i større område under eit.

Det aller viktigaste er Å VERE BEST på det å drive butikken. Uansett kor mange fine ord og uttrykk vi brukar så blir det viktigaste å bygge kompetanse hos dei tilsette, vere best mogleg på rutinar, vareflyt og svinn. Terping av best praksis, klar for kunde og mykje, mykje meir. Keisamt kanskje, men DET er viktig at alt dette fungerer. Å møte kunden og eigaren på ein positiv måte, der alle desse momenta er på plass er det viktigaste. Det er i butikken slaget om kundane står, i alle omtalar om butikkar som lukkast er det dette dei er gode på.

I Coop Vest SA med nesten tusen tilsette, mange tillitsvalde og eigarar, om lag 80 butikkar i eit stort geografisk områder som dekkjer Sunnmøre og Sogn og Fjordane handlar mykje om INFORMASJON og KOMMUNIKASJON mellom menneske i heile COOP VEST for å gjere oss alle enno betre.

Gratulerer og takk til Dykk alle for flott innsats i året som har gått.
Er overtydd om at i 2012 kjem Coop Vest SA sin butikkar til å bli utvikla til å bli enno fleire handlande sitt førsteval.

Førde, 20. februar 2012.

*Wilhelm Gjertsen*

**Wilhelm Gjertsen**
styreleiar Coop Vest SA



**Best i landet på frukt og grønt**

Extra Førde beste i landet blant butikkane i Extra-kjeden på frukt og grønt og på blomster.
Bozena Ignatowicz i Extra Førde si frukt- og grøntavdeling.





# Årsmelding og rekneskap for Coop Vest SA

Coop Vest er eigd av nærmare 45 000 medlemmar/eigarar, og består av tidlegare innfusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Coop Vest driv i dag 77 butikkar i 28 kommunar. Hovudtyngda av verksemda er sal av handelsvarer til medlemmar og kundar. Coop Vest sel mest daglegvarer, byggevarer, klede, sko og varer til landbruket. Hovudkontoret ligg i Førde.

## UTVIKLING I DETALJHANDELEN - OG SAMVIRKELAGA

Konsumprisindeksen steig med 1,2 prosent frå 2010 til 2011.

Matvareprisane fall med 1,2 prosent, medan alkoholfrie drikkevarer auka med 8,1 prosent frå 2010 til 2011. Alkoholhaldige drikkevarer steig med 5,0 prosent, medan tobakksvarer hadde ein prisauke på 8,1 prosent.

Samvirkelaga fekk i 2011 ein samla omsetnad på 37,6 milliardar kroner. Dette tilsvarar ein auke på 2,9 prosent frå 2010. I tillegg kjem omsetnaden frå Smart Club AS, eigd av Coop Norge SA. Inkludert Smartklubb AS, blei den samla omsetnaden på ca. 38,9 milliardar kroner, vekst på 2,8 prosent frå 2010. Innan daglegvarer hadde Coop ein vekst på 2,8 prosent i 2011, medan marknadsveksten var på 4,1 prosent. Det ser ut til at Coop sin marknadsandel har gått ned med 0,35 prosentpoeng til 23,3 prosent.

Til samanlikning har Coop Vest SA omsetnadsauke på 2,52 % i 2011, omtrent som gjennomsnittet i landet.

Pr. 1.1.2012 var 117 samvirkelag medlemmer av Coop Norge SA. Dette tilsvarar ein nedgang i 2011 på 9 lag og skuldast samanslutningar mellom 7 samvirkelag og 2 avviklingar.

Ved utgangen av 2011 var det 1 306 343 medlemmer i norske samvirkelag tilknytt Coop Norge.

Tilsvarande tal for føregåande år var 1 257 139.

**Den totale omsetninga i Coop Vest SA blei på kr 1 460 066 970**
Årsresultatet for Coop Vest SA blei kr 23 757 192 som er 1,63 % av netto omsetnad. I 2010 var resultatet kr 22 671 064 som var 1,59 % av netto omsetnad.

Styret finn resultatutviklinga tilfredsstillande.

**Disponering av årsresultatet**
Styret vil foreslå at årsresultatet vert nytta slik:

| | |
|---|---|
| Til rente på ansvarsinnskot | kr 65.209 |
| Til kjøpeutbytte | kr 10.474.285 |
| Til anna eigenkapital | kr 13.217.698 |
| Sum | kr 23.757.192 |

**Kontantstraum**
Operasjonelle aktivitetar har gjeve selskapet ein netto positiv kontantstrøm på 28,8 millionar kroner i 2011. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar er negativ med 21,3 millionar kroner. Årsaka til dette er høgt investeringsnivå i butikkmassen, samt at gevinst knytt til sal av eigedom er nytta til aksjekapital i Coop Vest Eigedom AS. Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar negativ med 3,4 millionar kroner noko som heng saman med nedbetaling av langsiktig gjeld og årleg utbetaling av kjøpeutbytte. Netto likviditet aukar med 4,1 millionar kroner i 2011.

**Forhold etter rekneskapsårets slutt**
Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsårets slutt som har betydning for det framlagde årsrekneskapet.

**Medlemsutvikling**
Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein god plass i varehandelen. Kjøpeutbytte og medlemsrabattar blir utbetalt til medlemmane; som alle har eigarandelar. Medlemsutviklinga i 2011 viser god auke. Laget har fått 2319 innmeldingar og ved utgangen av året var 44.623 medlemmar i Coop Vest SA.

Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på om lag 70 % av all omsetnad i butikkane våre. Kjøpeutbytte, rabatt frå samarbeidspartnarane og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 22 821 200. Pga. ny samvirkelov blir kjøpeutbytte og medlemsrabattar ført inn på medlemskontoen i midten av april.

**Spareordning**
Stadig fleire brukar spareordninga i samvirkelaga. Totalt har medlemmane kr 254 949 876 i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garantert av samvirkelaget sitt Garantifond A/L. Medlemmane kan sjekke saldoen på eiga medlemsside på coop.no.

**Forretningsdrift:**
Daglegvarer, som utgjer 84 % av totalomsetnad i 2011, auka med 2,61 %. Den generelle marknadsveksten innanfor daglegvarer var på 3,2 % ifølge Statistisk sentralbyrå.

**«Meir enn 5 500 varer til ekstra låge prisar kvar dag»**
Tal butikkar: 3
Omsetnad: kr 177 096 000.

Kjeden enda i 2011 ut med ein vekst i omsetnaden på 10,5 %. Hausten 2011 opna vi vår tredje Extra-butikk i Furene. Butikken har ei salsflate på 2000 kvm, av dette utgjer faghandelavdelinga 600 kvm. Med Coop Extra på plass i Ørsta /Volda regionen kan vi endeleg tilby våre medlemmar ein lågprisbutikk. Coop Extra Førde befesta posisjonen sin i 2011 som Norges største Extra-butikk og blei kåra til årets butikk på landsbasis.

**«Lave prisar. ALLTID»**
Tal butikkar: 10
Omsetnad: kr 240 190 000.

Kjeden enda i 2011 ut med ein vekst i omsetnaden på 4,0 %. Dette viser at vi har ein sterk vekst innan lågprissegmentet. Prix Leikanger har i 2011 hatt ein betydeleg vekst i omsetnaden etter ombygginga i 2010 og er den av Prix butikkane som har størst auke. Coop Marked Lærdal blei sommaren 2011 omprofilert til Prix.

Prix Kaupanger blei i 2011 kåra til årets Prix butikk på landsbasis.

**«Alltid middag»**
Tal butikkar: 9
Omsetnad: kr 475 140 000.

Coop Mega auka omsetnaden med 3,3 % mot året før. Coop Mega Volda, med ein auke på 16 %, bidreg stekt til den samla auken. Våre Megabutikkar har hatt ein fin vekst trass auka konkurranse frå lågpriskjedane. Coop Vest sine Mega butikkar opplever sterkare vekst samanlikna med resten av landet innanfor supermarked.



## Best i landet på blomster

Arna Fjellkårstad i Extra Førde si blomsteravdeling.



## Full fart i Florø

Extra Florø har i 2011 hatt god omsetningsauke.

**«Godt vi har kvarandre»**
Tal butikkar: 28
Omsetnad: kr 324 564 000.

Coop Marked enda i 2011 med ein vekst i omsetnaden på 2,1 %. Påska 2011 opna vi vår første søndagsbutikk i Florø. Opninga av søndagsbutikken har ført til at Marked Florø har hatt stor auke i omsetnaden, og er vekstvinnaren blant Marknad-butikkane våre. Fleire andre Marked-butikkar kan òg vise til svært god utvikling i omsetnaden. I løpet av året har vi etablert Post i butikk i ytterlegare 11 butikkar i Coop Vest. Mange av desse i våre Marked-butikkar. Coop Marked Sande blei avvikla 15. oktober 2011

Tal butikkar: 3
Omsetnad: kr 14 838 000.

Coop Nærkjøp enda i 2011 med ein vekst i omsetnaden på 6,4 %. Veksten til Nærkjøpa viser at det blir jobba godt ute i butikkane, og at dei er viktige for bygdene.

Tal butikkar: 8
Omsetnad: kr 110 091 000.

Kjeden enda i 2011 ut med ein vekst i omsetnaden på 1,1 %. Coop Byggmix Gaupne oppgraderte butikken og reopna 26. november 2011. Coop Byggmix Åheim vart best i landet i Coop si kundeundersøking for 2011

Tal butikkar: 1

Coop Extra Bygg enda i 2011 med ein vekst i omsetnaden på 11 %. Dette viser at vi tar større marknadsandelar i eit stabilt marked.

**Diverse butikkar:**
Tal butikkar: 15
Omsetnad: kr 73 632 000.
Gruppa består av Kafear og Domus Klede i Sogndal, Førde, Øvre Årdal og Sandane. Gull og Sølv i Førde og Øvre Årdal, Verkstad Byrkjelo, Esso Byrkjelo, Post i butikk Øvre Årdal, Transportavdeling Byrkjelo. Gull og Sølv Øvre Årdal vart seld 1.7.2011.

**Fusjon Nord-Sunn Eigedomsselskap AS og Siv Eigedom AS**
Coop Vest SA har store verdiar i eigedomar, organisert direkte i samvirkelaget og dels i eit eige eigedomsselskap. For å utvikle eksisterande og nye strategiske eigedomar har Coop Vest SA i 2011 fusjonert sitt heileigde dotterselskap Nord- Sunn Eigedomselskap AS med Coop Norge Eigedom AS sitt eigedomselskap SIV Eigedom AS.

Dette nye felles selskapet, Coop Vest Eigedom As er eigd 50 % av Coop Vest SA og 50 % av Coop Norge Eigedom AS.

Selskapet skal sikre laget driftsmessige gode eigedomar, utvikle nye eigedomar i strategisk viktige marknadsområde åleine eller saman med andre samarbeidspartnerar, samt ivareta Coop Vest SA sine interesser i utviklingsprosjekt.

Coop Vest Eigedom AS har ein avtale med Coop Eigedom Forvaltning AS om drift og forvalting av selskapet.

Selskapet hadde ved årsskiftet 18 eigedomar i portefølje til ein bokført verdi på kr 141 574 815.

Coop Vest Eigedom AS er òg medeigar i utviklingsprosjekt saman med Moengården Vest AS og Citus AS.

Det vil i 2012 vere fokus på ytterlegare strukturering av prosjekt og nye investeringsplanar.

Sentralt i dette arbeidet vil vere ei oppfølging av samvirkelaget sine behov i dei marknadane ein er representert.

**Organisasjon**
Årsmøtet er Coop Vest SA sitt høgaste organ. I 2011 har det vore eitt møte utover det obligatoriske møtet i samband med endeleg godkjenning av årsmelding og rekneskap. På vårmøtet i april vedtok årsmøtet i tillegg til dei ordinære sakene å gå frå 10 krinsar til 4 regionar, Nordfjord, Sogn, Sunnfjord, Sunnmøre.

Styret har i 2011 hatt 9 styremøter og 121 saker vart behandla.

På kvart møte får styret rapportar som viser omsetnad i den einskilde butikk kvar månad og akkumulerte tall.

Årsmøtet i Distriktslag Coop Noreg – Vestlandet vart halde i Bergen 28. og 29. april 2011. På møtet var Coop Vest SA representert med sentrale tillitsvalte og tilsette.

Styret i Coop Vest SA består av 5 menn og 3 kvinner.

**Våre tilsette**
Gjennom 2011 har til saman 1622 personar har hatt tilsetjingstilhøve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 939 tilsette. Av disse var det 162 heiltidsstillingar og 777 deltidsstillingar/ekstrahjelper, totalt 504 årsverk.

Kvinneandelen av alle tilsette i laget er stor, totalt 69,2 %.

Laget hadde i 2011 i alt 37 menn og 47 kvinner i leiande stillingar.

**Diskriminering**
Diskrimineringslova sitt formål er å fremma likestilling, sikre like mogelegheiter og rettigheiter, samt å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Coop Vest SA arbeider målretta for å fremje lova sine formål innanfor vår virksomheit.

**Gullklokker**
I 2011 var det i alt 15 tilsette som fekk gullklokke etter 25 års samanhengande tenestetid.

Dei 15 er: Aud Raae - Coop Marked Brekke, Møyfrid Løvold - Coop Marked Åheim, Roald Halsør - Coop Prix Selje, Eli Aud Hansen - Coop Byggmix Ulsteinvik, Olaug Merete Øyestad - Coop Mega Førde, Anne Grepstad - Kontoret Førde, Kari J. Håvik Pettersen - Domus Manufaktur Førde, Magnhild Johanne Sjåstad - Domus Kafé Førde, Kjell Reidar Sandvik - Coop Byggmix Gaupne, Else Marie Osvik - Coop Mega Ørsta, Signy Berit Tarberg - Coop Marked Moltu, Solveig Liv Walseth - Coop Mega Volda, Else Romestrand - Coop Marked Barstadvik, Ingrid Anne Haug - Coop Mega Øvre Årdal og Tordis Kronen - Coop Marked Lærdal.

Gullklokkene vart utdelte på personalfesten på Quality Førde Hotell den 26. mars 2011.

**Kompetanse**
Kompetanseutviklinga er viktig i ei tid med store utfordringar. Mange tilsette har også i 2011 delteke på kurs og konferansar i regi av Coop Kompetanse og Samfo. I tillegg har laget gjennomført kurs og møter i eigen regi. Mellom anna har alle daglegvarebutikksjefane delteke på samlingar i samband med gjennomføring av Mazeprosjektet.

Butikksjefane for faghandel har også hatt leiarsamlingar der både interne og eksterne førelesarar har innleia om aktuelle tema.

**Arbeidsmiljøet**
Coop Vest vart våren 2011 IA-bedrift, og laget har gjennom IA-systemet arbeidd aktivt for å redusere sjukefråværet som i 2010 var altfor høgt. Dette arbeidet har også gitt resultat. Det totale sjukefråveret for Coop Vest SA var i 2011 på 7,2 % mot 8,6 % i 2010. Av dette utgjorde korttidsfråværet 2,5 %.

I 2011 er det registrert 4 skader som har medført sjukemelding.

Målsetjinga for HMS-arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulykker og

## Posten inntek Prix

I 2011 skjedde det mykje i Prixbutikkane til Coop Vest. I løpet av året vart det etablert 5 post i butikk. Biletet er frå Prix Kaupanger der Postansvarlege Magnhild Finstad og ass. butikksjef Jorunn Brekke er i full gang med å sette seg inn i nye rutinar.



helseskadar, samt å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurransedyktig drift skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å nytte.

Samarbeids- og miljøutvalet har i 2011 hatt følgjande samansetning:

Frå arbeidstakar: Jostein Heilevang, Bjørg Aase, Arna Fjellkårstad, Åse Bøyum, May Iren Kleppe, Lars Brusegard og Sonja Brendø.

Frå arbeidsgjevar: Wilhelm Gjertsen, Geir Espe, Arild Hov, Anne Grepstad, Arild Meisterplass.

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt 6 møter i 2011, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, opplæring, informasjonsrutinar, butikkstruktur og vernerundar. I tillegg har utvalet brukt mykje tid på prosessen med innføring av Inkluderande Arbeidsliv i bedrifta.

I februar 2011 gjennomførde bedrifta ein samarbeidskonferanse over to dagar for medlemane i Samarbeids- og Miljøutvalet, samt for butikksjefar og tillitsvalte i dei største butikkane våre.

Konferansen vart gjennomførd i regi av Fellestiltaka LO-SAMFO.

**Miljø**

Forureining av det ytre miljø, som følgje av laget si verksemd er akseptabelt.

Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet direkte og indirekte gjennom transport, avfall, energiforbruk og miljømessige effektar varene kan medføre etter at den er selt til forbrukar.

Miljøaspekt har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdiar er "omtanke" – for menneske, dyr og miljø. Vi søkjer derfor å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste rekke når det gjeld avfallhandtering, bruk av miljøvenlege kjølemedier, varmegjenvinning og energiøkonomisering generelt. Ved ombyggingar og ved planlegging av nye butikkar tek vi miljøhensyn. Coop satsar aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlege produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er blant dei store norske kjedane som har størst sortiment av økologiske og miljøvennlege varer. Våre verdiar skal prege det arbeidet vi gjer gjennom vegval, samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile bedriftskulturen.

**Finansiell risiko og utsikter framover**

Samvirkelaget er lite disponert for endringar i valutakursar, då det alt vesentlege av innkjøp og omsetning skjer i norske kroner. Likviditeten i selskapet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje beslutta å gjennomføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen.

Årets resultat viser ein positiv trend. Fleire butikkar har i 2011 gode resultatforbetringar.

Spesielt Coop Extra varehuset, Førde, har ei fin omsetningsutvikling.

Det er framleis rom for forbetringar. Vi vil ha fokus på å redusere svinnet, auke effektiviteten, sikre godt arbeidsmiljø og arbeide med verktøyet «Klar for Kunde» i 2012.

Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve omsetningsauke. Dei store investeringsprosjekta tyngjer avdelingsrekneskapa. Men auka konkurransekraft vil trygge butikkane og gje framtidig god lønnsemd. Nye oppgraderingsprosjekt står klare i 2012.

Nyetableringar vert vurdert fortløpande i forhold til moglegheiter i marknaden, kalkulert inntening og risiko. Gjennom dette skal fortsatt salsvekst og langsiktig lønnsemd sikrast.

**Grunnlaget for vidare drift**

Årsrekneskapen er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift.

Styret meinar at det er grunnlag for vidare drift.

Styret meinar at det framlagde rekneskapet gir eit rett bilde av Coop Vest SA sine eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

**Budsjett 2012**

Budsjettet for 2012 viser eit resultat før skatt på kr. 12 200 00 som utgjer 0,8 % av omsetnaden. I budsjettet for 2011 var tilsvarande resultat kr 15 600 000 eller 1,1 % av omsetnaden.

**Kjøpebonus 2012**

Det er førehandsgarantert 1 % kjøpebonus for år 2012.

**Avslutning**

I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år med nye store oppgåver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar står arbeidsoppgåvene i kø. Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og framstå med gode og tidsriktige butikkar.

Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast brukarane for å vinne konkurransen.

Styret vil til slutt takke alle som i år 2011 har bidrege til at vi fekk den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats og til tillitsvalde på alle plan. Ei særleg takk til våre medlemer og kundar som støttar opp om laget.

Førde 27. februar 2012

Wilhelm Gjertsen, leiar | Trudi Vågene, nestleiar | Jane Grete Stedje

Harald Lillestøl | Geir Årvik | Anders Kleiveland

Ragnhild Dybvik | Martin Hamre

Geir Espe, Adm. direktør

## Målrock

Til MålRock-festivalen selde Coop Vest mat og drikke for nærmare 100.000 kroner – eit meirsal for Prix Årdalstangen som medlem i krinsutvalet Harald Thune var døropnar til.




# Coop Vest SA – Resultatrekneskap pr. 31.12. 2011

| | NOTE | 2011 | % | 2010 i 1000 KR | % |
|---|---|---|---|---|---|
| SALSINNTEKT | 3 | 1 460 066 970 | 100,00 | 1 424 315 | 100,00 |
| VAREKOSTNAD | | 1 154 381 998 | 79,06 | 1 121 382 | 78,73 |
| **BRUTTOFORTJENESTE** | | **305 684 972** | **20,94** | **302 933** | **21,27** |
| | | | | | |
| ANDRE NETTO DRIFTSINNTEKTER | 2 | 48 997 516 | 3,36 | 31 549 | 2,22 |
| | | | | | |
| **NETTO DRIFTSINNTEKTER** | | **354 682 488** | **24,29** | **334 483** | **23,48** |
| | | | | | |
| LØNNSKOSTNAD | 5 | 196 329 103 | 13,45 | 180 921 | 12,70 |
| AVSKRIVING PÅ VARIGE DRIFTSMIDLAR | 7 | 24 664 666 | 1,69 | 25 835 | 1,81 |
| ANNA DRIFTSKOSTNAD | 14 | 103 028 457 | 7,06 | 102 856 | 7,22 |
| **SUM DRIFTSKOSTNADER** | | **324 022 226** | **22,19** | **309 612** | **21,74** |
| | | | | | |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **30 660 262** | **2,10** | **24 871** | **1,75** |
| | | | | | |
| FINANSINNTEKTER | 2 | 4 489 025 | 0,31 | 4 015 | 0,28 |
| FINANSKOSTNADER | 2 | 6 226 744 | 0,43 | 5 286 | 0,37 |
| **NETTO FINANSIELLE POSTAR** | | **-1 737 719** | **-0,12** | **-1 271** | **-0,09** |
| | | | | | |
| **ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER** | | **28 922 543** | **1,98** | **23 600** | **1,66** |
| | | | | | |
| SKATTEKOSTNAD PÅ ORDINÆRT RESULTAT. | 10 | 5 165 350 | 0,35 | 929 | 0,07 |
| | | | | | |
| **ÅRSRESULTAT** | | **23 757 192** | **1,63** | **22 671** | **1,59** |
| | | | | | |
| | | | | | |
| OVERFØRINGAR | | | | | |
| OVERFØRT TIL RENTER AV ANSVARSINNSKOT | | 65 209 | | 65 | |
| OVERFØRT TIL MEDLEMANE SOM KJØPEUTBYTTE | | 10 474 285 | | 10 184 | |
| OVERFØRT TIL ANNA EIGENKAPITAL | | 13 217 698 | | 12 422 | |
| | | | | | |
| **Sum overføringar** | | **23 757 192** | | **22 671** | |

## Spennande ferdigrettar

Butikksjef Sissel Kobberstad og ferskvaresjef  Munteanu Tudorita Rodica ved Coop Mega Ulsteinvik er stolte av si ferskvareavdeling. Stadig nye matopplevingar i varmeskapet, som viser igjen på omsetningsutvikling til avdelinga.



# Coop Vest SA – Balanse pr. 31.12. 2011

| | | 2011 | | 2010 | |
|---|---|---|---|---|---|
| | NOTE | | % | i 1000 KR | % |
| **EIGENDELAR** | | | | | |
| | | | | | |
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | | | |
| IMMATERIELLE EIGENDELAR | | | | | |
| UTSATT SKATTEFORDEL | 10 | 18 655 687 | | 23 586 | |
| **SUM IMMATRIELLE EIGENDELAR** | | **18 655 687** | **3,04** | **23 586** | **4,11** |
| | | | | | |
| **VARIGE DRIFTSMIDLAR** | | | | | |
| AKTIVERTE KOSTN. LEIDE LOKALER | 7 | 2 763 000 | | 2 945 | |
| TOMTER,BYGNINGAR | 7 | 185 546 519 | | 211 587 | |
| MASKINER OG ANLEGG | 7 | 28 166 011 | | 28 218 | |
| INVENTAR,KONTORMASKINER | 7 | 32 461 000 | | 31 048 | |
| **SUM VARIGE DRIFTSMIDLAR** | | **248 936 530** | **40,54** | **273 798** | **47,76** |
| | | | | | |
| **FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR** | | | | | |
| INVESTERING I DOTTERSELSKAP | 8 | 0 | | 20 504 | |
| INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP | 8 | 74 337 200 | | 5 001 | |
| LÅN TIL DOTTERSELSKAP | 8 | 12 194 266 | | 1 541 | |
| ANDELSINNSKOT NKL | | 33 113 614 | | 33 114 | |
| INVESTERING I AKSJER OG ANDELAR | | 535 667 | | 536 | |
| **SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR** | | **120 180 747** | **19,57** | **60 695** | **10,59** |
| | | | | | |
| **SUM ANLEGGSMIDLAR** | | 387 772 964 | | 358 079 | |
| | | | | | |
| **OMLØPSMIDLAR** | | | | | |
| VAREBEHOLDNING | 4-9 | 119 146 000 | | 115 394 | |
| PROSJEKT I ARBEID | | 1 096 422 | | 1 155 | |
| DEBITORAR | | 15 183 000 | | 15 033 | |
| ANDRE FORDRINGAR | | 5 747 534 | | 2 588 | |
| INNSKOT NKL | | 11 278 812 | | 10 140 | |
| BANKINNSKOT,KONTANTAR | 13 | 73 781 662 | | 70 833 | |
| **SUM OMLØPSMIDLAR** | | **226 233 430** | **36,85** | **215 143** | **37,53** |
| | | | | | |
| **SUM EIGENDELAR** | | **614 006 393** | **100,00** | **573 222** | **100,00** |



## Medlem nr. 44.000 i Coop Vest

Mega Sogndal fekk medlem nr 44.000 sommaren 2011. Den heldig vinnaren, Mari Løbø Navarsete frå Sogndal, fekk eitt års forbruk av Coop juice.

# Coop Vest SA – Eigenkapital og gjeld

| | NOTE | 2011 | % | 2010 i 1000 KR | % |
|---|---|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | | | |
| INNSKOTEN EIGENKAPITAL | | | | | |
| MEDLEMANE SITT ANSVARSINNSKOT | 11-12 | 13 378 747 | | 12 949 | |
| **SUM INNSKOTEN EIGENKAPITAL** | | **13 378 747** | **2,18** | **12 949** | **2,26** |
| | | | | | |
| **OPPTJENT EIGENKAPITAL** | | | | | |
| FELLESEIGD ANSVARSKAPITAL | 11 | 37 149 756 | | 37 150 | |
| UTBYTTEFOND | 11 | 25 063 832 | | 25 064 | |
| ANNA EIGENKAPITAL | 11 | 133 678 167 | | 120 460 | |
| **SUM OPPTJENT EIGENKAPITAL** | | **195 891 756** | **31,90** | **182 674** | **31,87** |
| | | | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL** | **11** | **209 270 503** | **34,08** | **195 623** | **34,13** |
| | | | | | |
| **GJELD** | | | | | |
| AVSETNING FOR FORPLIKTELSAR | | | | | |
| PENSJONSFORPLIKTELSER | 6 | 3 659 171 | | 3 446 | |
| **SUM AVSETNING FOR FORPLIKTELSER** | | **3 659 171** | **0,60** | **3 446** | **0,60** |
| | | | | | |
| **ANNA LANGSIKTIG GJELD** | | | | | |
| MEDLEMSINNSKOT | | 242 466 119 | | 234 466 | |
| GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR | 9, 16 | 23 510 000 | | 25 115 | |
| ØVRIGE LANGSIKTIG GJELD | | 85 000 | | 85 | |
| **SUM ANNA LANGSIKTIG GJELD** | | **266 061 119** | **43,33** | **259 666** | **45,30** |
| | | | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | | | |
| GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR | | 0 | | 0 | |
| LEVERANDØRGJELD | | 64 045 799 | | 53 303 | |
| BETALBAR SKATT | 10 | 234 807 | | 214 | |
| SKULDIG OFFENTLEG AVGIFTER | | 22 084 244 | | 22 657 | |
| SKULDIG KJØPEUTBYTTE | | 10 508 521 | | 10 239 | |
| ANNA KORTSIKTIG GJELD | 15 | 38 142 230 | | 28 074 | |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **135 015 601** | **21,99** | **114 487** | **19,97** |
| | | | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **614 006 393** | **100,00** | **573 222** | **100,00** |

Førde den 31. desember 2011 / 27. februar 2012

| Wilhelm Gjertsen | Trudi Vågene | Harald Lillestøl | Geir Årvik | Jane Grete Stedje | Ragnhild Dybvik | Anders Kleiveland | Martin Hamre | Geir Espe |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| styreleiar | nestleiar | styremedlem | styremedlem | styremedlem | styremedlem valt av tilsette | styremedlem valt av tilsette | styremedlem valt av tilsette | Adm. direktør |

# For andre året på rad

Coop marked Syvde vart i 2010 beste nærbutikk frukt og grønt. I 2011 vart dei igjen Coop sin beste og nr. 2 totalt i klassa nærbutikk. Butikksjef Bjørn Knardal, i midten på biletet.



# Notar til rekneskapen 2011

## 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld**
Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidlar som ein reknar med har varig verdi lågare enn balanseført verdi, er nedskrivne. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

**Fordringar:** Kundefordringar og andre fordringar er førte opp til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**Bankinnskot, kontantar o.l.:** Bankinnskot, kontantar ol. inkluderar kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

**Pensjoner, Innskotsordning:** Innskotsplanar periodiserast etter samanstillingsprinsippet. Årets innskot til pensjonsordning kostnadsførast.

**Ytelsesordning:** Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttløn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Estimatavvik og virkning av endra forutsetningar er amortisert over forventa attverande opptjeningstid i den grad dei overstig 10 % av den største av pensjonsansvar og pensjonsmidlar (korridor). Virkninga av endringar i pensjonsplan er fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgiveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlar er vurdert til verkelig verdi.

**Obligatorisk tjenestepensjon (OTP):** Selskapet har oppretta obligatorisk tjenestepensjon slik lovverket krev.

**Skattar:** Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytta til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden er sett saman av betalbar skatt (skatt på årets direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar ut frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

**Inntekter:** Inntekt rekneskapsførast når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunde. Dette vil normalt være tilfellet når vara er levert til kunde. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

**Kontantstraumoppstilling:** Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

**Anleggskontrakter:** For anleggskontrakter vert det føreteke det løpande inntektsføring i takt med framdrifta av prosjektet (løpande avregnings metode). Fullføringsgraden bereknast som påløpte kostnader på balansedagen i prosent av estimert totalkostnad. For anleggskontrakter som forventast å gje tap, vert det føreteke avsetning for nettokostnaden ved gjenværende kontraktsfestet produksjon.

## 2 POSTAR SOM ER SAMANSLEGNE

| **Resultatrekneskapen** | 2011 | 2010 |
|---|---|---|
| **Andre driftsinntekter** | | |
| Husleigeinntekt | 1 851 851 | 1 598 496 |
| Provisjonsinntekter | 10 228 525 | 8 922 931 |
| Bonus NKL og andre | 14 685 137 | 14 533 626 |
| Transportinntekter | 1 599 097 | 2 566 344 |
| Arbeidsinntekt verkstad | 1 030 258 | 1 144 901 |
| Vinst v/sal anleggsmiddel * | 18 430 732 | 1 931 888 |
| Diverse inntekter | 1 171 916 | 851 310 |
| **Sum andre netto driftsinntekter** | **48 997 516** | **31 549 495** |
| **Finansinntekter** | | |
| Renteinntekt | 4 479 145 | 4 003 215 |
| Anna finansinntekt | 9 880 | 11 730 |
| **Sum finansinntekter** | **4 489 025** | **4 014 945** |
| **Finanskostnader** | | |
| Rentekostnader | 5 145 724 | 4 825 758 |
| Annan finanskostnad | 1 081 020 | 460 266 |
